


Museumssenteret i Hordaland

Kultur og kyrkjedepartementet
Postb 8030 Dep
0030 Oslo



Salhus 29.09.08.

Dykkar ref.:

Vår ref.:

Evaluering av ABMU - Høyringsuttale

Museumssenteret i Hordaland vil med dette kome med nokon synspunkt på Difi rapport 2008-2009: Evaluering av ABM-Utvikling

På tross av konsolidering er mange av musea framleis små organisasjonar og det er viktig for sektoren med eit nasjonalt organ som sikrar standardar og utvikling, slik ABMU har som mål.

Vi forventar at organet har ein god dialog med Norsk Museumsforbund, for forankring i sektoren, og at det er visjonært kring fagleg utvikling innan dei tre sektorane. Sektorane er i struktur ulike og utviklingsbehov må sjåast separat.

Vi ser det som avgjerande at ABMU både byggjer opp kompetanse og har naudsente mandat og ressursar til å gjennomføre tiltak. Vi er ikkje overtydde om at organet i dag har den styrkje som trengs.

Vi meiner også det er viktig med desentralisering av ABMU sine møter og seminar/kurs aktiviteter. Dette kan skape lettare tilgang til aktivitetene og betre dialog mellom ABMU og lokale aktørar.

Sikre nasjonale kompetansemiljø

Det ville t.d. vera naturleg at ABMU tek aktivt hand om sentrale tema som samlingsforvaltning for å sikre målretta utvikling og standardar på området. Dette føreset at abmu byggjer opp eigen kompetanse, eller sikrar nasjonal, tilgjengeleg, kompetanse gjennom bruk av enkeltinstitusjonar eller nettverk.

Vi vil peike spesielt på feltet sikring av museumsbygg, der det i dag ikkje er noko organ som har ansvar i forhold til standard på musea sine utstillings- eller magasinbygg.

Prosjektmidler

Som ein del av museumsreforma vart Norsk kulturråd sine prosjektmidler til musea trekt attende av KKD. Dette har i praksis betydd færre midlar til prosjekt og t.d. utstillingar. Det er og ei sentralisering av beslutningane om kva område som skal prioriterast og kven som får tilskot, noko vi meiner i prinsippet er ein uheldig situasjon.

Fylkeskommunen si rolle.

Som ein konsekvens av museumsreforma har musea i Hordaland opplevd at fylkeskommunen si rolle har vorte svekka i forhold til musea. Det er viktig for dei konsoliderte musea å ha ei sterk forankring i regional politikk og regionale utviklingsplanar. ABMU må difor framover legge vekt på gode dialogar og forpliktande samarbeide med fylkeskommunane.

Det er ein alvorleg konsekvens for musea dersom omlegginga av forvaltningsansvaret fører til at musea skulle falle ut av det regional- og lokalpolitiske fokus og lokal eigarskap forvitrar. (Jmf. Hordaland Fylkeskommune sin uttale)

Oppfølging av reformprosessen


Museumsreforma er gjennomført etter målsetjinga. Vi vil understreka at vi ser dette som eit første steg på ei lengre utviklingsline. Om reforma skal nå sine mål er det viktig at ABMU er rusta til å fylgje opp og lyttar til dei signala som m.a. kom fram i NMF si undersøkjing om reforma (2007). Her vert det peika på m.a. behovet for hjelp til organisasjonsutvikling. Dette vil også vera ein viktig del av grunnlaget for ei fagleg utvikling på musea.

Samordning også med kulturminnevernet

Som eit av dei musea med ansvar for forvaltning av freda kulturminne forhold vi oss også til Riksantikvar og Miljøverndepartement og vil peike på at større grad av samordning med mellom departementa og med kulturminnevernet vil vera av stor betydning i vårt arbeide.

Med venleg helsing

Museumssenteret i Hordaland


Solveig Jordal
Konstituert direktør